

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr:	2005/01130 - 75
Mottatt:	27 OKT 2005 ASR/JUR
Saksden:	IAA 41
Ansvar:	



GOL KOMMUNE

MELDING OM VEDTAK

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
05/01254-005/TM	V60 &13		26.10.2005

FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I JORDLOVA - HØYRING

Utval for natur og næring behandla i møte 25.10.2005 sak 0114/05. Det vart gjort slikt vedtak:

Gol kommune syner til merknadane i saksutgreiinga ovanfor og gjev på bakgrunn av desse slik uttale til forslag til diverse endringar i jordlova mv:

Oppheving av delingsforbodet, jordlovas § 12, del I,

Gol kommune er imot å fjerne delingsforbodet. Gol kommune ser delingsforbodet som eit viktig verkemiddel til å fremme ein tenleg bruksstruktur. Formålet med delingsforbodet er nettopp å sikre og samle ressursene på bruket for noverande og komande eigarar.

Oppheving av føresegner om staten sine kjøp av tilleggsgjord og føresegner om ekspropriasjon etter jordlova, del II,

Gol kommune har ingen merknad til denne opphevinga.

Tilskotsordninga, jordlovas § 18, del III,

Gol kommune har ingen merknad til denne endringa.

Oppheving av nokre aktuelle lover, del IV,

Gol kommune har ingen merknad til oppheving av dei aktuelle lovene.

Med venleg helsing
Gol kommune


Tone Modalen
sekretær



Gol kommune
SAMLA SAKSFRAMSTILLING
MØTEBOK

Saksnr.: 0114/05
Arkivsaksnr: 05/01254
Arkivkode: V60 &13

Saksbehandlar: Robert Rørvik

Saksnr.: Utval:
0114/05 Utval for natur og næring

Møtedato:
25.10.2005

FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I JORDLOVA - HØYRING

Generelle saksopplysningar:

Politisk behandling i: Utval for natur og næring

Vedtaksorgan: Utval for natur og næring

Saksdokument:

1. Høyringsbrev frå Landbruks- og Matdepartementet, motteke 06.07.05
2. Høyringsnotat frå Landbruks- og Matdepartementet, datert 29.06.05

Dokument nr. 1 og side 43-50 i høyringsnotatet fylgjer som vedlegg.

Saksopplysningar:

Landbruks- og Matdepartementet (LMD) har i brev datert 30. juni d.å. sendt på høyring eit notat med framlegg til endringar i jordlova og ein del tilgrensande lovverk. Kommunane er ein av fleire høyringsinstansar og høyringsfristen er sett til 1. november.

Heile høyringsnotatet er på 50 sider og ligg i saksmappa. Dei som ønskjer å sjå det må ta kontakt med sekretariatet eller bruke Internett. Nettdressa er:

<http://odin.dep.no/lmd/norsk/dok/hoeringer/bn.html>

Landbruksansvarleg har i samband med handsaming av saka nytta seg av delar av ei felles regional saksutgreiing for Hallingdal og saksutgreiinga til Fylkeslandbruksstyre i Sogn og Fjordane. Når det gjeld detaljane i dei ulike endringsframlegga vert det synt til høyringsnotatet, men LMD føreslår i sitt punktvisе samandrag følgjande endringar og aktuelle spørsmål til vurdering (jf. side 3 i høyringsnotatet):

- at det generelle forbodet mot å dele landbrukseigedom vert oppheva samtidig som det vert fastsett reglar om å sokje delingssamtykke der det er behov for offentleg kontroll med delinga, t.d. ved frådelling av dyrka jord.
- at eigaren må soke samtykke til deling eller frådelling av dyrka jord med mindre det er gitt samtykke til omdisponering etter jordlova § 9, eller der frådellinga gjeld jord som skal seljast som tilleggsjord til eit anna bruk i drift.
- at tinglysingskontrollen ved frådelling vert oppheva, og at kontroll av om delinga er omfatta av plikt til å sokje samtykke etter jordlova skal gjennomforast i samband med kommunen si handsaming av sak om deling og oppmåling etter foresegnene i plan- og bygningslova og ny lov om eigedomsregistrering.

- å avvikle ordninga med frivillig statleg kjøp for å sikre tilleggsjord.
- å oppheve overigningsadgangen for å sikre tilleggsjord eller rettar og i samband med vanhevd av jord.

Departementet vurderer også:

- om det bør gjerast unntak frå delingsfridomen dersom frådelinga gjeld bygningar som ligg i eller nær tunet på eigedomen.
- om kommunane bør få moglegheit til å fastsette lokal forskrift med utvida plikt til å sokje samtykke til deling ut frå lokale tilhøve og prioriteringar, eller om det bør innarbeidast endringar i foresegnene i plan- og bygningslova slik at kommunan kan fastsette foresegner til arealplan.
- å oppheve overigningsadgangen i samband med husmanns-, bygsel- og leilendingsbruk.

Departementet foreslår dessutan å synleggjera i jordlovas §18 kva for reaksjonar forvaltninga har høve til å nytte overfor tilskotsmottakarar som bryt tilskotsregelverket, og at omsetningsledda har ei rolle i tilskotsformidlinga.

I tillegg til dette foreslår departementet å rydde opp i regelverket ved å oppheva lover som har

vorte uaktuelle på grunn av samfunnsutviklinga eller som har mista sin reelle funksjon av andre årsaker. Forslaget gjeld oppheving av følgjande lover:

- Lov 22. juni 1934 nr. 5 om midlertidige innførselforbud mv.
- Lov 31. mai 1935 nr. 5 om adgang til å utferdige forbud mot omsetning av ustemplet kjøtt og skinn av tamrein
- Lov 16. juni 1939 nr. 10 om regulering av tilvirkning og omsetning av potetmjøl m.m.
- Lov 13. desember 1946 nr. 23 om omsetning av pelsdyrskinn
- Lov 31. mai 1974 nr. 20 om importavgift og råvareprisutjevning ved eksport (eksportrestitusjon) for produkter framstilt ved bearbeidelse av jordbruksråvarer
- Lov 22. desember 1999 nr. 103 om opphevelse av lov 5. februar 1965 nr. 2 om Statens Landbruksbank m.m. (Overføring av Landbruksbankens oppgaver til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond)."

Bakgrunnen for at jordlova vart innført:

Det er viktig å ha med seg dette spørsmålet i den vidare vurderinga av saka. Hovudgrunnen var at ein ville ha kontroll med deling av landbrukseigedomane. Frå gammalt av var det vanleg å dele eigedomen mellom syskena når foreldra gav frå seg garden. Resultatet av dette vart mindre einingar og ofte så små teigar at dei i dag er vanskeleg å drive rasjonelt og effektivt. I første rekkje gjeld dette skog, men også dyrka marka er merka av dette. Frådeling og sal av stølar til fritidshusvære var også vanleg. Dette har m.a. ført til at nokre landbrukseigedomar i dag ikkje har noko stølsbu eller stølseigedom eller at nokre eigedomar har fleire stølar.

Lovmessig utvikling:

1928: Jordlova kom og bygde på eit sosialt grunnlag. Folk som ville ha jord skulle få lettare tilgang til jord. Det var ikkje forbod mot deling av landbrukseigedomar. Ei rekkje små bruk vart oppretta og brukseiningar vart delt i mindre deler.

1955: Denne jordlova erstatta den frå 1928. Delingsparagrafen vart innført, §55. Unntaket var tomter under 2 daa, men det vart fjerna i 1965.

1995: Jordlova vart revidert m.a. formålsparagrafen. Ein beheldt forbodet mot deling, men omarbeidde den litt, jf. dagens §12. Omgrepet "driftseining" vart styrka.

LMD sitt rundskriv M-4/2003:

I rundskrivet står m.a. følgjande om føremålet med delingsforbodet:

Delingsforbudet er et viktig virkemiddel. Det bidrar til en tjenelig bruksstruktur. Formålet med delingsforbudet er å sikre og samle ressursene på bruket for nåværende og framtidige eiere. Formålet med delingsbestemmelsen må ses i sammenheng med formålet i jordloven. I jordloven §1 annet ledd sies det:

"Arealressursene bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode loysingar".

Vilkår for å samtykke til deling er at enten samfunnsinteressar av stor vekt taler for det, eller at deling er forsvarlig ut frå omsynet til den avkastning eigedommen kan gi. Vilkår for frådeling innebærer ein garanti for at landbrukseiendomar ikkje mister eller får redusert sitt ressursgrunnlag på ein uheldig måte. Formålsparagrafen i jordlova innebærer imidlertid at også delingsbestemmelsen må praktiseres i lys av samfunnsutviklingen i området eiendommen ligger. Formålet med delingsforbudet er ikke ment å skulle hindre alle frådelinger. Forbodet er ikkje til hinder for å tillate frådelinger som er forsvarlig ut fra for eksempel omsynet til arbeid, bosetting eller driftsmessige gode losninger.

Overordna plan:

Kommuneplanen for Gol 2001-2010, kommunedelplanen for Golsfjellet og kommunedelplanen for Gol tettstad styrer arealutviklinga i kommunen. Gol kommune sin handlingsplan for landbruk gjev føringar for handsaming av delingssøknader etter jordlova.

Miljøkonsekvensar:

Fjerning av jordlova kan få konsekvensar for kulturlandskapet i kommunen. Dette vil då vere avhengig av kor streng ein er på frådeling i høve til plan- og bygningslova.

Økonomi:

I høyringsnotatet står det at fjerning av delingsforbodet vil føre til mindre sakshandsaming og monaleg forenkling av regelverket. Dette er nok rett i høve til at ein då ikkje treng handsaming etter jordlova i så mange saker. Ein må likevel vege dette opp mot kva det kostar med kontroll. Om ein fjernar delingsforbodet må nokon kontrollere at mellom anna ikkje dyrka mark vert delt frå.

Handsaming etter plan- og bygningslova må også gjennomførast som før og truleg må ein legge meir arbeid i disse sakene for å sikre gode vedtak. Dersom delingsforbodet i jordlova forsvinn, vil kommunane miste gebyrinntekter frå handsaming av delingssaker. I Gol er denne posten årleg budsjettert til om lag kr. 10.000,-

Dersom kommunen ynskjer å innføre lokale føresegner, syner høyringsnotatet til at det i liten grad vil skje ein reduksjon i saksmengda.

Vurdering:

Hovudspørsmålet i denne saka er at det vert føreslege å oppheve delingsforbodet i jordlova, og uttrykkeleg lovfeste at landbrukseigedomar kan delast. Det vert vidare vurdert å innføre ein del avgrensingar på dette forslaget i form av søknadsplikt, t.d. når det gjeld dyrka jord og bygningar i tunet.

LMD vurderer også om kommunane skal få høve til å innføre lokale forskrifter som fastset dagens prinsipp, dvs. eit generelt forbod mot deling og konkrete kriteriar for vurdering av dispensasjonar. Resten av endringsframlegga har meir preg av opprydding i reglement, samt nokon mindre tilpassingar i samsvar med føremålet med hovudspørsmålet.

Landbruksansvarleg har i all hovudsak konsentrert vurderingane til framlegget om oppheving av delingsforbodet. Dei andre endringsforslaga er handsama meir summarisk.

Frå forbod til fridom:

Oppheving av delingsforbodet vil i praksis innebere at løyve til frådelling berre trengst dersom ein vil frådele eller leige bort dyrka areal som ikkje skal nyttast som tilleggsjord, eller det følgjer med ein eller fleire bygningar som ligg i eller i nærleiken av gardstunet.

Framlegget sokjer å oppnå følgjande mål:

- busetjing i distrikta.
- stimulere næringsutviklinga.
- medverke til ei ynskt endring av bruksstrukturen.
- forenkling av regelverket og mindre byråkrati.

Ein kan godt seie at ovanforståande målsetjingar er den ideelle ynskjelege utviklinga og såleis skal vere retningsgjevande for det arbeidet som vert utført både av landbruksforvaltninga og dei fleste andre aktørane i næringa. Også reglar og anna rammeverk lyt sjølvsagt kontinuerleg vurderast med tanke på eventuelle justeringar etter kvart som tid og tilhøve endrar seg.

Under overskrifta "Behovet for endring" (kap. 2 i notatet) vert det innleiingsvis synt til St. prp. nr. 1 (2004-2005) der det heiter at politikken skal "*gi grunnlag for auka verdiskaping og livskvalitet tufta på ei berekraftig forvaltning av landbruket og bygdene sine ressursar*". I så måte ønskjer ein å sikre "*ei berekraftig ressursforvaltning med eit sterkt vern av jordsmonnet, bevaring og vedlikehald av kulturlandskapet, og sikring av det biologiske mangfaldet*" og å "*gjere det attraktivt å bu i bygdene gjennom ein variert eigedomspolitik*".

Stortingsproposisjonen gjev uttrykk for at eigedomspolitikken må vere "fleksibel", og innretta mot å skape større eigedomar som grunnlag for auka og meir effektiv landbruks- og tenesteproduksjon. At ein med bakgrunn i slike målsetjingar skal opne opp for fri frådelling av all skog og utmark, verkar då etter landbruksansvarleg sin vurdering ikkje heilt logisk.

Når det vert uttalt at eigedomspolitikken bør vere "variert" og "fleksibel" tek ein utgangspunkt i at det bør vere høve til å dele frå både små og store bustad- og fritidstomter.

Landbruksansvarleg er samd i dette, men kan ikkje sjå at dagens regelverk er til særskilt hinder for ei slik ynskt utvikling. Landbruksansvarleg tykkjer heller ikkje det er særskilt

unaturleg om samfunnet får ha eit ord med i laget når det gjeld kvar det skal kunne frådelaast areal til slike litt meir krevjande etableringar. I gjeldande regelverk kan slike eigedomar opprettast der frådellinga ikkje fører til uforsvarlege reduksjonar i eigedomen sitt avkastningsgrunnlag, eller dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for. Ein bør derimot vurdere om ein skal sjå nærare på desse vilkåra, eventuelt utdjupe eller utfylle innhaldet i dei.

I Gol og Hallingdal ser ein at utmarka vert ein stadig viktigare næringsressurs for grunneigarar og gardbrukarar. Dette gjeld særskilt dei som har tilgang til areal for utvikling av hyttebygging, men også aukande interesse for jakt, fiske og utmarksbaserte reiselivs- og opplevingstiltak gjev framtidige inntektsmoglegheiter. Det er dessutan oppsving i grunneigarane sine interesser for småkraftutbygging, og der er sjølvsagt fallrettane i utmarka svært verdifulle ressursar.

Med bakgrunn i ovanforståande er det ikkje utenkjelege at utmarka vert den framtidig viktigaste inntektskjelda på gardsbruka. Det vil då vere uheldig å opne opp for at grunneigarar og gardbrukarar kan drive kortsiktig gevinstsikring ved t.d. sal av skog- og utmarksparsellar, og dermed redusere eigedomen sitt avkastningsgrunnlag på lang sikt. Landbruksansvarleg meiner at ei slik eigedomsutvikling i større grad vil redusere busetjingsgrunnlaget i distrikta enn den vil stimulere til auka næringsutvikling og busetjing.

I sjølve høyringsnotatet er det mange *kan*-formuleringar. Det vert m.a. hevda at oppheving av delingsforbodet *kan* medverke til auka busetjing i distrikta, *kan* stimulere til næringsutvikling og medverke til strukturendring. Etter landbruksansvarleg sin vurdering syner dette at LMD ikkje har gjort undersøkingar eller studiar, som gjev særleg grunnlag for å hevde at endringsforslaget er veileigna for å nå målsetjingane med forslaget.

Historia talar dessutan mot det ein vil med lovendringa. Delingsforbodet i jordlova vart innført i 1955. Forslaget til lovendring fører jordlova attende til 1928 utgåva der alle som ville ha jord lettare skulle få tilgang til jord. Resultatet av denne politikken kjenner vi i dag i høve til at det mange stader er etablert små landbrukseigedomar som det er vanskeleg å drive rasjonelt og effektivt. Ein eventuell endring av ein såpass sentral styringsregel bør derfor ikkje gjennomførast utan eit grundigare førearbeid, og helst etter ei praktisk utprøving.

Høyringsnotatet peikar på moglege uheldig verknader av at skog og anna utmark kan bli oppstykkja slik at rasjonell drift vert vanskeleggjort. Landbruksansvarleg er tvilande til LMD når dei *"trur at skog og utmark i dei fleste hove vil verta selt som tilleggsreal fordi dette vil vera den mest aktuelle og lonsame loysinga. I dei tilfella eigaren velgjer andre loysingar, vil det truleg vera fordi arealet kan nyttast t.d. til anna næringsverksemd."* Det verkar ikkje særleg overtydande at eit slikt frislepp som det her kan bli snakk om, delvis har sitt utspring i tru. Landbruksansvarleg "trur" i motsetnad til LMD at den jaktinteresserte og pengesterke både vil ynskje og også vere i stand til å overby den tilleggsjordinteresserte når utmarksparsellane skal avhendast. Dette kan t.d. vere i samband med eit arveoppgjer på eit gardsbruk der delar av eigedomen må seljast for at alle borna skal få "sin del av arven" eller t.d. bli sikra ein liten del av slektsgarden.

Noko av det meir sikre bakgrunns materialet LMD har omtala, er søknads- og avgjerdsstatistikkar. Det syner seg at om lag 9 av 10 delingssøknader vert i-møtekomne. I følge LMD tilseier dette talet at delingsforbodet kan opphevast. Den opplagte

rettleggseffekten dagens reglement har, vert ikkje omtala i det heile. Landbruksansvarleg sine erfaringar tilseier at dagens regelverk er godt eigna til å skape dialog mellom grunneigar/søkjar og kommunen om lokalisering av ulike tiltak. Dette er kanskje den viktigaste effekten av dagens system. Nesten alle søknader vert i møtekomne, men ofte etter at det har skjedd ei tilpassing som kan godtakast av både grunneigar/søkjar og kommunen med bakgrunn i jordlova sine føresegner.

Etter landbruksansvarleg sin vurdering er ikkje dagens jordlov eit reelt hinder for den som har nokolunde gjennomtenkte planer om næringsaktivitet på eller i tilknytning til ein landbrukseigedom. Dei som t.d. ynskjer å selje landbruksareala sine som tilleggsjord vil kunne få løyve til det dersom ein ser at ei slik løysing inneber ein samfunnsmessig gevinst i høve til busetjing og næringsaktivitet. Landbruksansvarleg meiner samla sett dette er det beste utgangspunktet for forvaltninga av arealressursane.

Frådeling av dyrka jord:

Opphevingsframlegget gjer unntak for dyrka jord. Frådeling av dyrka jord skal framleis styrast og landbruksansvarleg er samd i det. Landbruksansvarleg er likevel ikkje samd i at det bør gjerast unntak frå unntaket når det gjeld areal som er tillate omdisponert etter jordlovas § 9. Tiltak som er økonomisk viktige for det einskilde bruk er tidvis etablerte på omdisponert areal, vanlege tilhøve vil vere massetak og anna utnytting av grunnen. Ut frå LMD si målsetjing om å redusere nedbygginga av dyrka jord på sikt, og kanskje også oppretthalde dei matproduserande arealreservane i landet, bør søknadsplikta også omfatte dyrkbar jord.

Frådeling av bygningar:

Landbruksansvarleg meiner det bør vere søknadsplikt for alle frådelingar som omfattar bygningar. Bygningar utgjer ein svært viktig ressurs på bruka, og kan ligge både i skog og i utmark.

Lokale forskrifter:

I høyringsforslaget er det gjort framlegg om at kommunane kan innføre egne forskrifter for å sikre delingsforbodet. Dersom delingsforbodet vert oppheva, meiner landbruksansvarleg at det bør vere mogleg å innføre slik forskriftsheimel. Bakgrunnen for dette er at lokalt forskriftsarbeid ofte har positive effektar ved at det både skapar debatt og meir bevisste haldningar til dei spørsmåla som er tema.

Ei lokal forskrift vil også kunne avgrense dei mest negative effektane av å fjerne delingsforbodet. Innføring av lokale forskriftsheimlar vil derimot kunne få konsekvensar i høve til at det kan bli store skilnadar mellom kommunane, og levetida til lokale forskrifter kan lett svinge med skifte i lokalt styre.

Statleg friviljug kjøp:

Statens forkjepsrett ved konsesjonspliktig erverv med sikte på rasjonalisering av bruk, vart oppheva i 2001. Lovendringa i høyringsforslaget gjeld frivillig statleg kjøp og oreigning av tilleggsjord, dvs. at staten kan erverve areal til jordbank m.a. for å få til makeskifte ved vern. Dette kan no bli vanskelegare å få til med dei grunneigarane som vil ha nytt areal i staden for pengar. For staten kan det vere enklare å forhandle om dei har anna areal å bytte bort.

Det gjeld ikkje kjøp av statsgrunn, men at Fylkesmannen averterar for å kjøpe jord dei kan bruke i ein jordbank. For ein grunneigar vil det vere økonomisk gevinst å få areal mot areal, i

staden for pengar og bli skatta. Det er derimot vanskeleg å få til dette til i praksis, i høve til at det må ligg til rette i terrenget. Det er relativt lite som er oppnådd på dette området sett på bakgrunn av den arbeidsinnsatsen det offentlege har lagt ned. LMD meiner elles at bruksrasjonalisering bør skje gjennom forhandlingar mellom eigar og interessent utan staten sin direkte medverknad.

Tilskotsordninga, jordlovas §18:

Her er det snakk om å presisere i lovverket dette med vilkår for tilskot i landbruket og eventuelle straffereaksjonar om ikkje disse vert følgt. I tillegg vil det vere med å formalisere og synleggjera oppgåvene til omsetningsledda som står for utbetling av pristilskot for varane dei tek imot. Landbruksansvarleg har ingen kommentarar til dette.

Til dei andre endringsframlegga:

Landbruksansvarleg har ikkje særskilte merknader til framlegget om å oppheve tinglysingskontrollen og å ta bort oreigningsheimlane. Det same gjeld opphevinga av dei ukurante lovverka.

Konklusjon:

Etter landbruksansvarleg sin vurdering gjev ikkje høyringsnotatet særskilt tungtvegande argument for å endre jordlovas §12. Bakgrunnen for dette er at behovet for å oppheve delingsforbodet ikkje er dokumentert på noko vis, og at dei ulike ulempene eller risikomomenta som ligg i endringa, ikkje er drøfta eller opplyst i særskilt grad. Ein eventuell endring av ein såpass sentral styringsregel bør derfor ikkje gjennomførast utan eit grundigare førearbeid, og helst etter ei praktisk utprøving.

Framlegg til vedtak:

Gol kommune syner til merknadane i saksutgreiinga ovanfor og gjev på bakgrunn av desse slik uttale til forslag til diverse endringar i jordlova mv:

Oppheving av delingsforbodet, jordlovas § 12, del I,

Gol kommune er imot å fjerne delingsforbodet. Gol kommune ser delingsforbodet som eit viktig verkemiddel til å fremme ein tenleg bruksstruktur. Formålet med delingsforbodet er nettopp å sikre og samle ressursene på bruket for noverande og komande eigarar.

Oppheving av føresegner om staten sine kjøp av tilleggsjord og føresegner om ekspropriasjon etter jordlova, del II,

Gol kommune har ingen merknad til denne opphevinga.

Tilskotsordninga, jordlovas § 18, del III,

Gol kommune har ingen merknad til denne endringa.

Oppheving av nokre aktuelle lover, del IV,

Gol kommune har ingen merknad til oppheving av dei aktuelle lovene.

Gol, den 11. oktober 2005

Lornts Letnes,
rådmann

Robert Rørvik,
avdelingsleiar

Utval for natur og næring behandla saka den 25.10.2005, saksnr. 0114/05

Vedtak:

Gol kommune syner til merknadane i saksutgreiinga ovanfor og gjev på bakgrunn av desse slik uttale til forslag til diverse endringar i jordlova mv:

Oppheving av delingsforbodet, jordlovas § 12, del I,

Gol kommune er imot å fjerne delingsforbodet. Gol kommune ser delingsforbodet som eit viktig verkemiddel til å fremme ein tenleg bruksstruktur. Formålet med delingsforbodet er nettopp å sikre og samle ressursene på bruket for noverande og komande eigarar.

Oppheving av føresegner om staten sine kjøp av tilleggsjord og føresegner om ekspropriasjon etter jordlova, del II,

Gol kommune har ingen merknad til denne opphevinga.

Tilskotsordninga, jordlovas § 18, del III,

Gol kommune har ingen merknad til denne endringa.

Oppheving av nokre aktuelle lover, del IV,

Gol kommune har ingen merknad til oppheving av dei aktuelle lovene.